



Laksevåg og Bergen maritime vgs.
Vestland fylkeskommune



Med kurs
for framtida

www.lbm.vgs.no



Se filmen vår!

Velkomen til Laksevåg og Bergen maritime vidaregåande skule



Er du nysgjerrig på yrkesfag innan teknologi, elektro, bygg, industri eller maritime fag? Då kan Laksevåg og Bergen maritime vidaregåande skule vere akkurat staden for deg!

Vi er ein skule med to avdelingar – ein sentralt i sentrum på Nygårdstangen og ein på Laksevåg. Uansett kor du har undervisning, er du ein del av det same fellesskapet. Hos oss er det plass til å vere deg sjølv i eit inkluderande miljø.

Her får du jobbe praktisk og yrkesretta med fag. Vi tek både teori og praksis på alvor, og legg til rette for at du skal lære på ein måte som gir mening – og som gjer deg klar for framtida. Gjennom tett samarbeid med næringslivet får våre elevar store moglegheiter til praksis- og læreplass.

Med engasjerte lærarar, godt miljø og rom for å vekse, møter du ein skuledag der både kunnskap, vennskap og trivsel er i fokus.

Velkomen til oss!

Studieretningane våre:

VG 1
Bygg og
anleggsteknikk

VG 2
Tømrar

VG 1
Elektro og
datateknologi

VG 2
Automatisering

VG 2
Eleenergi
og ekom

VG3
Maritim
elektrikar

VG 3
Automatisering



Skulefrokost

Kvar dag blir det servert skulefrokost på begge studiestadene frå klokka 07.30 til 07.55. Dette er eit populært og triveleg tilbod for mange av elevane våre.

Elevtenesta

Lurer du på kva du vil bli, eller tenkjer du mykje på framtida, utdanning og yrke? Har du vanskar på skulen eller heime, eller treng du nokon å snakke med? Då kan rådgjevarane våre hjelpe deg.

Du kan ta kontakt om du ønskjer råd om fag og vidare utdanning, eller viss du treng hjelp til å finne rette instansar som helsetenesta, psykolog, logoped eller NAV.

PS: Rådgjevarane har teieplikt.

VG 1
Elektro og datateknologi
med studiekompetanse

VG 2
Elektro og datateknologi
med studiekompetanse

VG 3
Elektro og datateknologi
med studiekompetanse

VG 1
Teknologi og
industrifag

VG 2
Maritime fag

VG 2
Brønnteknikk

VG 2
Kjemiprosess og
laboratoriefag

VG 2
Industrieteknologi

Teknologi og industrifag

Dette programmet passer for deg som likar å bruke hendene, har praktisk sans og er nysgjerrig på korleis ting fungerer.

Vg1 – Teknologi og industrifag

På Vg1 lærer du mange spennande og praktiske ferdigheiter, som teknisk teikning, bruk av verktøymaskiner, hydraulikk, pneumatikk, montasje, sveising og HMS/ dokumentasjon. Praktisk retta undervisning gir deg fagleg innsikt og samstundes får du øve deg på å utføre praktisk arbeid.

I løpet av året får du kjennskap til programområde som brønntechnik, kjemiprosess og laboratoriefag, maskinfag (skipsmotormekanikar) eller matrosfag.



Vg2 - Kjemiprosess og laboratoriefag

Her lærer du både den praktiske og teoretiske delen av å styre kjemiske eller metallurgiske prosessanlegg. Du lærar korleis utstyr, styringssystem, trykk, varme og kjemiske reaksjonar spelar saman.

Vg2 - Brønntechnik

Du får lære deg teknologien og tryggleiken som krevst for boring og arbeid på brønner og installasjonar på havbotn – spesielt relevant for offshoreindustrien.

Vg2 - Maritime fag

Kombinerer maritime yrke og praksis på veg mot ein karriere på sjøen. Her veljar man mellom fordjuping innan dekk eller maskin. Elevane har praksis både i skulens verkstader og på skulebåt.

Vg2 - Industriteknologi

Dette er ei brei retning der du lærer om produksjonsretta yrke, verktøy, materialbruk, automatisering og robotisering. Retninga gir eit solid grunnlag for mange teknologiske fag.



Kva kan du bli etter Vg2?

Etter Vg2 går du vanlegvis vidare som lærling i eitt av faga du har fordjupa deg i. Når du fullfører læretida, får du fag- eller sveinebrev – og yrkeskompetanse – som opnar døra til både arbeidsliv og vidare studiar.

Moglege vegar vidare:

- Jobbe direkte i industrien, maritim sektor eller andre tekniske yrke
- Ta vidare utdanning på fagskule eller universitet, for eksempel ingeniørstudium



Kickstart din maritime karriere med Utkilen!

Er du elev og drømmer om en karriere til sjøs? Som lærling hos Utkilen får du verdifull erfaring på moderne kjemikalietankere – i et selskap med over 50 års erfaring innen shipping.

- **Praktisk læring** – jobb med navigasjon, last og maskineri
- **Sterke karrieremuligheter** – mange tidligere lærlinger blir offiserer hos oss
- **Moderne flåte** – avansert teknologi og fokus på bærekraft

Vi søker dekk- og maskinlærlinger med interesse for sjøfart og et ønske om å lære. Klar for en spennende fremtid? Følg med på våre karrieresider eller kontakt din maritime skole!

www.utkilen.no



Elektro og datateknologi

Har du lyst til å forstå og jobbe med elektriske system, data og automatisering – samtidig som du får kombinere teori og praksis? Då er denne retninga perfekt for deg.

Vg1 – Elektro og datateknologi

Her lærer du å jobbe med elektriske og elektroniske system – alt fra installasjon til vedlikehald. Du får bruke verktøy og måleinstrument i verkstaden, og lærer både praktisk arbeid og teori.

Vg2 – Elenergi og ekom

Du lærer å jobbe med elektriske system som blir brukt overalt – i sjukehus, hus, skip, tog, fabrikkar og meir. Her får du praktisk erfaring og kunnskap som gir deg eit godt utgangspunkt for ein trygg og spennande jobb i framtida.

Vg2 – Automatisering

Ei retning for deg som er nysgjerrig på teknologi og smarte løysingar. Du lærer å styre og programmere system som får ting til å gå av seg sjølv – i fabrikkar, olje- og gassindustri og annan teknisk drift.

Vg3 – Automatisering

Her blir du klar for å jobbe som automatikar – du lærer å montere, fikse og styre smarte system som får maskiner og produksjon til å gå av seg sjølv i industrien.

Vg3 – Maritim elektrikar

Dette er eit spesialløp (5 år) du kan søkje etter Vg2 elenergi. Du avsluttar med læretid offshore – og kan bli skipselektrikaroffiser.

Vg1-Vg3 – Elektrofag med spesiell studiekompetanse

For deg som vil bli ingeniør: Her får du både elektro og studiespesialisering, med praksisnær læring og fellesfag som matte R1/R2 og fysikk 1. Ein smart veg vidare til ingeniørstudium.



Vegen vidare

Etter Vg2 kan du søkje læreplass i faga du har fordjupa deg i. Når du har fullført læretida og fått fag- eller sveinebrev, har du yrkeskompetanse – anten du ønskjer å starte i jobb med ein gong, eller ta vidare studiar etterpå.

Moglege karrierevegar:

- Elektrikar, automatikar, maritim elektrikar eller tekniske roller i industri og offshore
- Studier innan ingeniørfag, fagskule eller fagspesifikk vidareutdanning

Bygg og anleggsteknikk

Er du praktisk anlagt og likar å bygge ting? Kanskje du likar å jobbe med tre, betong eller store byggeprosjekt? Då kan bygg- og anleggsteknikk være noko for deg! Her får du bruke kroppen, lære nyttige ferdigheitar og jobbe saman med andre.

Vg1 – Bygg og anleggsteknikk

På Vg1 får du teste mange forskjellige yrker innan bygg og anlegg. Du lærer blant anna:

Tømrararbeid, murarbeid, betongarbeid, med fleir fag og kordan det er å jobbe på en ekte byggeplass gjennom praksis.

Vg2 – Tømrar

Vil du lære å bygge hus og trekonstruksjonar? På Vg2 Tømrar lærer du å:

- Bygge frå grunnmur til ferdig bygg
- Jobbe med moduler og rehabilitering
- Bruke riktige materialar og verktøy
- Planlegge og samarbeide

Du får også jobbe saman med lokale bedrifter – perfekt for å få ekte erfaring og og stor sjanse til å sikre deg ei læreplass!

Vil du oppleve verda medan du går på skulen?

Skulen vår tilbyr spanande moglegheiter for tømrarar gjennom Erasmus+ i Flensburg – eit internasjonalt program som gir deg verdifull erfaring, nye perspektiv og minner for livet!

Vegen vidare og kva du kan bli

Etter Vg2 kan du søkje læreplass i ei bedrift, fullføre læretida og få fag- eller sveinebrev. Det gir deg yrkeskompetanse du kan bygge vidare på – enten direkte i arbeidslivet eller gjennom vidare studium. Vil du ta fagbrev og studiekompetanse, kan du ta påbygg før eller etter læretida og halde fram med utdanninga ved høgskule eller universitet.



Kontakt oss

📞 55 33 75 00
✉️ post.lav@vlfk.no
🌐 lbm.vgs.no

📍 **Avdeling Laksevåg**
Gravdalsrinden 47, 5165 Laksevåg

📍 **Avdeling Bergen**
Odd Frantzens plass 6, 5008 Bergen

MENTO

MECHANICAL SOLUTIONS

ENGINEERING • MACHINING • FABRICATION • SERVICE



Phone +47 48 11 03 00 • 24h +47 90 19 51 55 • www.mento.no



HÅNDVERKS GRUPPEN

Håndverksgruppen og våre selskaper satser
aktivt på lærlinger i Bergens- regionen!

MALING - GULV - MUR - FLIS - INDUSTRIGULV

Se mer om våre selskaper på
<https://www.handverksgruppen.com/>



bergen vann



Krokatjønnveien 11C, 5147 Fyllingsdalen



bergenvann@bergen.kommune.no



55 56 60 00



bergenvann.no